



Åtte Sanser AS
Øvre Hordvikneset 83

5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/69 - 19/6694

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
27.02.2019

Svar på søknad om stønad frå Næringsfondet. Revidert søknad frå haust 2018 Åtte Sanser

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Mottakarar:
Åtte Sanser AS

Øvre Hordvikneset 5108
83

HORDVIK

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/19	Formannskapet	PS	14.02.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tor Hegle	18/69

Søknad om stønad frå Næringsfondet. Revidert søknad frå haust 2018 Åtte Sanser

Vedlegg :

Vedlegg_Åtte sanser1_søknad 18jan2019Vedlegg_Åtte sanser2_økonomi 18jan2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Prosjektet får ein stønad på kr. 100.000,- frå næringsfondet.
- Generelle vilkår for tildeling, sjå på slutten av dette dokumentet.
- Spesielle vilkår for tildeling er at det må leggest fram dokumentasjon på finansieringa før stønad kan utbetalast: - Innovasjon Norge kr. 200.000,-. -Folkefinansiering kr. 200.000,-. - Investorar kr. 200.000,-. -Førehandssal kr. 200.000,-.
- Er tildelinga ikkje nytta innan 2 år frå avslutninga av føretaket sin prosjektperiode, vert dei ubrukte midla trekt tilbake i fondet.

Formannskapet - 013/19

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Prosjektet får ein stønad på kr. 100.000,- frå næringsfondet.
- Generelle vilkår for tildeling, sjå på slutten av dette dokumentet.
- Spesielle vilkår for tildeling er at det må leggest fram dokumentasjon på finansieringa før stønad kan utbetalast: - Innovasjon Norge kr. 200.000,-. -Folkefinansiering kr. 200.000,-. - Investorar kr. 200.000,-. -Førehandssal kr. 200.000,-.
- Er tildelinga ikkje nytta innan 2 år frå avslutninga av føretaket sin prosjektperiode, vert dei ubrukte midla trekt tilbake i fondet.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet.

Bakgrunn

Revidert søknad frå Åtte Sanser AS, v/ Jørn de Lange Hammer, Øvre Hordvikneset 83, 5108 Hordvik,

datert 18.01.2019.

Åtte Sanser AS, er ei nyetablert verksemd tilhøyrande i IUV-miljøet på Dampen, som arbeidar med dyrking av nyttevekstar (urter og grønnsaker) for den private marknaden. Føretaket er eit Selskap for Engroshandel med korn, så- og før-varer. Selskapet er etablert i 2012. Det er ikkje registrert tilsette. Registrert adresse: Hagellia 6, 5914 Isdalstø. (kjelde: proff.no).

- Prosjekt: Teig. – Oppretting av eit produksjonsselskap for produksjon av dei første 1000 stk. TEIG.
- Verdiskaping: - Positive samfunns- og miljøeffektar.
- Arbeidsplassar: - Utvikle lokale arbeidsplassar.
- Prosjektperiode:- 15.01.2019. – 31.12.2019
- Finansiering: - Totalbudsjett kr. 1.100.400,-.
Finansiert ved -Innovasjon Norge kr. 200.000,-. -Folkefinansiering kr. 200.000,-. -Investorar kr. 200.000,-.
-Førehandssal kr. 200.000,-. -Eigeninnsats kr. 200.400,- (Tilsvarende 340 arbeidstimar, eller 1 person 9 veker) - og - **Stønad frå Næringsfondet kr. 100.000,-.**

Det vert vist til søknad som er vedlegg i saka.

Det vert vist til generelt vurderingsgrunnlag, sjå på slutten av dette dokumentet.

Vurderingskommentarar

A2. Flytte og lokaliseringstiltak

- TEIG. Teig er eit produkt som gjør det enkelt å dyrke egne urter og grønnsaker på kjøkkenbenken, jordfritt (hydroponics). Designar Per Finne har teikna produktet.
- Prosjektet TEIG har mottatt 700.000 i kommersialisering støtte frå Innovasjon Norge.
- Det å opprette produksjonsselskap skal trekke til seg investorar for å ha eige produksjonsselskap for TEIG.
- Ein ynskjer å få til betre profilering, marknadsføring og derav større omsetning.
- Ein ynskjer å få til ein lokal pakke- og logistikklysning gjennom «Den Lille Gartner» (som har samarbeid med «Gløde») for utsending av produktet.

C. Finansiering

Næringsfondet sine retningslinjer har formalkrav om at føretaket må vise økonomisk evne til gjennomføring.

- Den økonomiske gjennomføringsevna i prosjektet vert vurdert med høg eigeninnsats på kr.200.000,-.
- Føretaket har allereie mottatt kr. 700.000,- frå Innovasjon Norge med Fase 2 midlar (Kommersialisering).
Av desse har føretaket sett av kr. 200.000,- til denne delen av prosjektet.
- Føretaket har blitt tildelt 100.000,- i sak 048/18, den 26.apr. 2018. (Ref.dok. 18/12525. Sak 18/69).
Tildelinga omfatta nettbasert kurs med heimedyrking av plantar. I søknaden frå 2017, vart det skildra om lag 14 arbeidsplassar i framtida. Dette prosjektet er ikkje avslutta.
- Det nye prosjektet er ei fortsetting av tidlegare satsing.

Oppsummering

Lindås kommune synes det er flott med verksemder som vil gjere nye investeringar slik at deira service- og tenestetilbod kan bli utvikla.

Alle utviklingsprosjekt har risiko med seg, men samla sett er det slik at alle prosjekt er vurdert opp mot kvarandre ved skjøn og elles ved prosjektkvalitetar som nemnd i retningslinjene.

- Samla sett er prosjektet vurdert til å **tilrå å støtte** prosjektet **med kr. 100.000,-**.
- Generelle vilkår for tildeling, sjå på slutten av dette dokumentet.
- Spesielle vilkår for tildeling er at det må leggast fram dokumentasjon på finansieringa før stønad kan utbetalast: - Innovasjon Norge kr. 200.000,-. -Folkefinansiering kr. 200.000,-. - Investorar kr. 200.000,-. -Førehandssal kr. 200.000,-.
- Er tildelinga ikkje nytta innan 2 år frå avslutninga av føretaket sin prosjektperiode, vert dei ubrukte midla trekt tilbake i fondet.

Generelt vurderingsgrunnlag

Grunnlagsdokument for vurdering er Retningslinjer for Næringsfondet i Lindås kommune (Vedtatt i KS 09.03.2018), Pkt.3. Dette er oppsummert slik:

- A. Næringsfondet skal spesielt prioritera prosjekt innanfor bedriftsutvikling/etablering, med spesielt følgjande prioriteringar:
1. Utviklingstiltak i nye/eksisterande bedrifter som kan føra til auka sysselsetting
 2. Flytte- og omlokaliseringstilskot (for verksemder som etablerer seg i kommunen)
 3. Prosjekt med klar samfunnsnyttig relevans og aktualitet
- B. Det skal gjerast ei skjønsmessig vurdering på desse punkta:
1. Gjennomføringsevne
 2. Prosjektet sitt sysselsetjingsbidrag
 3. Marknadsvurdering og Konkurransesyn
 4. Utvikling/Innovasjon-, produkt- og teknologiutvikling (Nyvinning)
 5. Etablering av hovudkontorfunksjon
 6. Prosjekt med klar samfunnsnyttig relevans og aktualitet
 7. Kompetanseheving
 8. Marknadsføring/profilering
 9. Samarbeidstiltak i form av forpliktande verksemd-verksemd samarbeid, verksemd-kunnskapsmiljø samarbeid etc.
- C. Finansiering:
1. Stønad skal ha form av tilskott og skal ikkje dekke interne kostander som løn/eigeninnsats.
 2. Støtta skal vere maksimum 50% av godkjente kostander, resten sjølvfinansiering.
 3. Eigeninnsats reknast som 1 promille av nominell årsløn.
 4. Maksimal støtte er kr. 250.000,-.
- D. Formalkrav:
1. Det må visast økonomisk evne til gjennomføring.
 2. Kontor/postadresse i Lindås.

Andre føringar

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil kunne bety noko for vurdering av støtta:

1. Ny industrireiseing på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 trekk fram meir entreprenørskap og innovasjon som eit viktig innsatsområde, herunder eit behov for å stimulere fram fleire vekstkraftige verksemder og skape fleire innovative næringsmiljø. Denne planen er vedteken av Lindås kommune. Det same er

sjølvsagt målet i strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim.

Behov for same type innsats innafor innovasjon og entreprenørskap er forankra i strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020. Denne planen er vedteken av Lindås kommune.

Vilkår for tildeling

Generelle vilkår:

1. Større endringar i prosjektet, gjeld spesielt endringar i budsjett- og finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av kommunen sitt næringsfond. Eige søknadsskjema kan hentast frå nettstaden til kommunen eller ved å ta kontakt med kommunen sitt næringsfond.
2. Ved mellomstore/større endringar i prosjektets mål og framdriftsplan, gjeld og punkt 1.
3. Dersom prosjektet ikkje vert gjennomført i samsvar med innsendt søknad, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta. Delar av støtta kan og krevjast tilbakebetalt og/eller haldast tilbake. Sjå retningslinjene til fondet (<https://www.lindas.kommune.no/naeringsfond.379204.nn.html>).
4. Føresetnaden for kommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan. Kommunen sin finansieringsandel kan dekkja inntil 50% av dei godkjente kostnadane.
5. Tilsegnsmottakar skal gjera seg godt kjent med dei eksisterande retningslinjene til næringsfondet.
Sjå retningslinjene til fondet (<https://www.lindas.kommune.no/naeringsfond.379204.nn.html>).

Profilering:

I alle presentasjonar og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informera tydeleg om at prosjektet er delfinansiert frå Lindås kommune.

Delutbetaling/utbetaling:

1. Tilsegnsmottakar kan få utbetalt del I av prosjektstøtta på forskot. For å betala tilskotet ut på forskot, ber vi om å få tilsendt eit kontonummer. Send ein e-post til tor.heggle@lindas.kommune.no, med overskrift «utbetalingsoppmoding for [prosjekttittel] og [verksemd]».
2. Kommunens næringsfond ønskjer spesielt prosjekt som har økonomisk gjennomføringsevne. Det betyr i praksis at kommunen vil prioritere prosjekt som kan gjennomføre/bere del II-kostnadar i eigen regi, dvs. at kontantbidrag frå søkar vert oppfatta som positivt. Tilsegnsmottakar kan likevel søke om å få utbetalt del II på forskot (merk: strenge godkjenningsskrav). Eige søknadsskjema kan hentast frå nettstaden til kommunen eller ved å ta kontakt med kommunen sitt næringsfond.

Prosjektavslutning og eventuell sluttutbetaling:

1. Straks prosjektet er avslutta skal prosjektet fylla ut naudsam sluttrapportering, ev. oppmoda om attståande utbetaling.
2. I større prosjekt skal rekneskapsfører/revisor attestera prosjektrekneskap, dette gjeld tilsegn frå kommunens næringsfond som er over 50.000,- kr.
3. I mindre prosjekt er det tilstrekkeleg at kommunen får kopi av billag, dette gjeld tilsegn frå kommunens næringsfond som er under 50.000,- kr.

.....